



PLAN FOR OVERGANG BARNEHAGE / SKULE

SYKKYLVEN KOMMUNE

Vedteken i Levekårsutvalet i sak 30/11
Evaluert av styrarar, rektorar og PPT 19.05.2017
– utan endringar



Plan for overgang barnehage /skule i Sykkylven kommune

Kommunen, ved skule- og barnehageeiningane, har ansvar for å skape ein god overgang mellom barnehage og skule i nært samarbeid med dei føresette.

Rammeplan for barnehagar seier m.a. følgjande om overgang barnehage-skule:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til og oppstart i skulen. Dei eldste barna skal få oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barna skal få bli kjent med kva som skjer i skulen og SFO.

I prinsippa for opplæringa (Læringsplakaten) heiter det at:

Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnetrinn, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinn og vidaregåande opplæring skal bidra til å lette overgangen mellom dei ulike trinna i opplæringsløpet.

Overgangar er prosessar av endringar som barnet og familien erfarer når dei flyttar seg mellom ulike arenaer. Desse overgangane fører til rolleendringar som inneber endringar i krav og forventningar til barnet. Det er viktig å erkjenne at overgangsprosessar er sårbare og kan støtte eller svekke eit barn si utvikling, sjølvbiletet og livskompetanse.

Overgang barnehage –barneskule

Gjeldande lovverk: Forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Opplæringslova med forskrifter for grunnskulen og vidaregåande opplæring.

Prosedyre	Ansvar
Føremål Sykkylven kommune vil sikre heilskap og samanheng mellom barnehage og skule, slik at barna møter godt budde og trygge til skulestart.	
Generelt Føresette, barnehage og skule har alle eit ansvar for samarbeid som sikrar barnet si utvikling og læring. Ein god overgang for den enkelte føreset utvikling av trygge rammer, gode verdiar og haldningar. Gjennom prosedyreplanen vil roller og ansvar for samarbeidet klargjerast.	
Gjennomføring 1. Orientering om prosedyre til føresette 2. Foreldresamtale i barnehagen 3. Barn med særskilde behov 3.1 Barn med særskilde behov 4. Liste over førskulebarn i dei ulike barnehagane 5. Innskriving i skulen 6. Møte om skulestart med ped.leiar /klasselærar 7. Felles møter styrarar/rektorar 8. Førskuledagar 9. Oppstart SFO	Styrar Ped.leiar Styrar Styrar Styrar Rektor Styrargruppa Rådgjevarane Rektor SFO leiar

- 10. Første skuledag
- 11. Felles foreldremøte
- 12. Foreldresamtaler i 1.klasse

Kontaktlærer
Kontaktlærer
Kontaktlærer

Vedlegg

Plan for overgang barnehage – skule
Samtykkeerklæring

Plan for overgang barnehage – skule.

Sist revidert i mai 2019 i samheng med Foreldrepakken.

Aktivitet	Tidspunkt	Innhald	Ansvarleg
1. Foreldremøte med barn i førskulegruppa – representantar frå skule kjem til møtet i barnehagen.	September-oktober	-Gjennomgang av plan for overgang barnehage-skule -Informasjon om barnehagen sitt pedagogiske opplegg siste år før skulestart -Fokus på føresette si rolle og medverknad i overgangen -Presentasjon av Nyborg-modellen -Støtte opp om læringsglede -Forventningar om sjølvhjelpete barn -Trene på turtaking -Informasjon om kva som ventar barnet i skulen, sett i forhold til punkta ovanfor -Presetere foreldra si støttande rolle for læringsglede og det sjølvhjelpete barnet	Barnehagen kallar inn. Barnehagen ved ped.leiar og styrar Skulen ved kontaktlærer 1. trinn (om klar), rektor/inspektør
2. Foreldresamtale barnehage	Oktober- desember	Er det informasjon som dei føresette ønskjer skal overførast frå barnehage til skule Samtykkeerklæring	Pedagogisk leiar
3. Barn med særskilde behov	Seinast 20.september	Gjennomgang av behov knytt til barnet sin skulestart. Føresette, barnehage og skule deltek Har barnet ansvarsgruppe vert møte lagt dit.	Styrar
3.1Barn med særskilde behov	Seinast 20.september (sjå punkt ovanfor)	Drøftingar om kva ressursar barnet vil ha behov for ved skulestart. Spesialpedagog, rektor og PPT deltek.	Styrar
4. Førskulebarn i barnehagane	20.september	Liste over barn i barnehagane til skulane	Styrar

5. Innskriving skule	Februar	Skulen inviterer barnet til innskriving med eige brev og felles informasjon til føresette. Føresette er med på innskriving. Om mogleg får barna møte sin kontaktlærer. Fokus på barnet, Barnet får fortelje litt om seg sjølv. Føresette får møte skuleleiinga, kontaktlærer og leiar for SFO. Forventningsavklaring heim-skule, praktisk informasjon, tips til gode ting å trene på før skulestart.	Rektor Informasjon sendast alle barnehagar minst 14 dagar før innskriving.
6. Møte om skulestart ped.leiarar og lærarar	Rundt veke 17, avhengig av påska.	Informasjonsutveksling i samsvar med samtykkeskjema vedr. fagleg og sosial kompetanse til barna / komande elevar.	Styrargruppa organiserer og koordinerer møta. Ped.leiar førskulegruppa, kontaktlærer for klassa.
7. Felles møte styrarar, rektorar og PPT	April –mai og september- oktober Eit utvida rektormøte Eit utvida styrarmøte	Forum for samarbeid og erfaringsutveksling	Rådgjevarane kallar inn. Rektorar, styrarar og PPT kjem med innspel til saklista
8. Førskuledagar -same tal dagar/timar for alle kommunale skulane	Veke 21-22	Barna får møte kontaktlærer (om klar), SFO leiar og fadder Omvising på skulen og SFO Informasjon frå skuleleiing om læringsglede, grensesetting, foreldra si viktige rolle i elevane sin skulekvardag. Gi føresette tilgang og rettleiing i bruk av Transponder, innlogging i Visma Flyt, bestilling av mjølk/frukt.	Rektor / kontaktlærer SFO leiar sender ut informasjon til føresette og barnehagane. Melding frå skulane til barnehagane seinast 15. januar.
9. Oppstart SFO	August	Tilvenning for barnet	SFO leiar
10. Første skuledag	August	Oppstart for barnet	Rektor / kontaktlærer
11. Felles foreldremøte på	August- september	Oppsummere oppstarten Praktisk informasjon,	Kontaktlærer Skuleleiing

skulen		gjennomgang av skuleåret	
12. Foreldresamtalar skule	September-oktober	Føresette og elev har samtale med kontaktlærer	Kontaktlærer

Sist evaluert våren 2017 i fellesskap av rektorar, styrarar og PPT utan innhaldsmessige endringar.

Alle fellesmeldingar mellom barnehage og skule kan sendast rådgjevarane for vidareformidling.

monica.hjelmevoll@sykkylven.kommune.no eller oyvind.fet@sykkylven.kommune.no